



Årsrapport for Kviteseid Frivilligsentral 2021

Styret: Stian Hauge (styreleiar), Kamilla Minde, Jeanette Torsdal, Kristin Stray Jacobsen og Olav Nordskog.


Cecilie Austjore-Hosum har vore tilsett som dagleg leiar sidan 1.september, og Marit Wright har vore rekneskapsførar.

Hovudfokus i 2021: kome i gong med og etablere frivilligsentralen som ein aktør i lokalsamfunnet.

Nokon oppsummerande ord: det har vore eit innhaldsrikt år der mykje har skjedd, og me kan nok seie oss godt fornøgd. Me har starta opp mykje bra, fått innvilga søknadar om midlar, vore mykje i media og elles fått god respons frå folk. Vidare kan de lese meir i detalj om kva som har skjedd:

Faste arrangement som har starta opp eller er under planlegging:

- **Øpen hall:** ein type ungdomsklubb annakvar fredag i Kviteseidhallen. Eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, Kviteseid IL, Morgedal IL, E-sportgruppa, Skytterlaget, Kulturskulen og andre frivillige. Per 02.03.22 har det vore Øpen hall fem gonger. Både ungdomar og vaksne har kome med gode tilbakemeldingar, og det har vore oppmøte på 20-30 ungdomar. I desember 2021 fekk me 10 000 kr til Øpen hall frå Vestfold og Telemark Frivilligsentralar. Me har også fått gratis sjakkspel frå Sjakk & Samfunn. I desember 2021 vart det søkt om større midlar til Øpen hall frå Bufdir, og dette ventar me på svar om. Pengane er i hovudsak tenkt til å handle inn sofaer og bruke på aktivitetar. Elles har me hatt kiosk og kjøpt varmmat frå Waldenstrøm, og har vore fornøgd med det. Her ser de eit par glimt frå nokon av aktivitetane:



- **Fredagsdisco:** ein festkveld for menneske med nedsett funksjonsevne. Målgruppa er folk frå øvre del av Telemark. Dette skal vere eit fast arrangement på Sundvang Kulturhus, ein gong i månaden. Me ventar på svar på søknad om midlar til å handle inn discolys mm. Det vil vere musikk, dans, mat, loddtrekning, photo booth, glitter og glam! Elles er det fleire frivillige som har meldt seg. Me håpar å starte opp ila. våren, og har utsatt oppstart pga. Koronasituasjonen.
- **Stolpejakten:** ein aktivitet som fortsatt er i vekst; med nesten 234 000 deltakarar på landsbasis i 2021. I Kviteseid var det 1700. Dette er ein enkel orienteringsaktivitet som også trekk nye turistar til kommunen, og både dei og lokalfolk får utforska kommunen og lært lokalhistorie på same tid. Me har så langt hatt stolper i Morgedal, Ordal, området frå Dampedalen til Kvitsund, Vrådal og Fjågesund. I 2022 ynskjer me å ha eit eige sykkelkart opp Dalane, og vil leggje til rette for at folk kan nytte seg av syklane hjå utstyrssentralen.



- **Sjakk bord som møteplass:** via Sjakk & Samfunn, som søkte støtte frå Gjensidigestiftelsen, har me sikra oss tre solide, utandørs sjakk bord i stein – gratis. Dei vil bli plassert i Kviteseidbyen, ved museet i Morgedal og på Kviteseid skule. Det vil til faste tidspunkt bli sett ut sjakkbrikkar av Frivilligsentralen og Skisportmuseet. Me håpar å få til eit ekstra oppstartsarrangement når me innviar sjakkorda, t.d. ein sjakturnering.

Enkeltarrangement:

- **Eldre ut på middag:** 134 personar naut ein god middag og etterlengta sosialt fellesskåp på Straand Hotell 4. november. Det kom mykje bra respons i etterkant, og me planlegg fleire slike samlingar.



- **Skøytedisco på Kviteseidmarken:** Frivilligsentralen var varmestoge for mange ungdomar på ettermiddagen, og drog i gong ein vellukka skøytedisco på kvelden. Dette vart gjort på førespurnad av markenkomiteen om Frivilligsentralen kunne ha noko arrangement. Og det vart så bra at det truleg må bli ein tradisjon.
- **LHL gågruppa på lunsj:** ein tysdag i februar kom det ein sprek gjeng på besøk til frivilligsentralen. Dei fekk servert suppe, og me håpar at dette let seg gjere om att!

Bilete frå skøytedisco og besøk av LHL gågruppa:



Godkjende søknadar om stønad:

- **Midlar til innkjøp av E-sportutstyr:** Frivilligsentralen søkte saman med Kviteseid idrettslag og fekk 474 000kr frå Gjensidigestiftelsen til å handle inn data og gamingutstyr på høgt nivå. Tilbodet har vore vellukka, med felles spiltreningar fleire gonger i veka for ulike aldersgrupper. E-sportrommet er også mykje bruka under Øpen hall.
- **Midlar til fornying av leikeplassen i Kviteseidbyen:** I tillegg til midlane som har vore samla inn lokalt, har me fått 120 000kr frå Sparebankstiftelsen til å fornye leikeplassen i Kviteseid sentrum. Fleire frivillige har love seg på dugnad, og me satsar på å gjennomføre prosjektet i mai.
- **Midlar til innkjøp av syklar og sykkelutstyr til utstyrssentral:** På slutten av 2021 fekk me 368 000kr frå Gjensidigestiftelsen til å handle inn syklar til utstyrssentral. Det er snakk om mest el-terrengsyklar, både til barn, ungdom og voksne. Som samarbeidspartnarar har me fått med gjengen på Kvito til å ha ansvar for vedlikehald av syklane, og utstyrssentralen vil vere i deira lokale. Me planlegg for opning til våren, og har søkt om midlar andre stadar så me kan ha skaffe meir utstyr til utlån.
- **Midlar til Øpen hall:** Me har fått 10 000kr frå Vestfold og Telemark Frivilligsentraler til Øpen hall. Så langt er det handla inn bålpanne, klokker til hurtigsjakk og eit gratis mattilbod kvar gong.

KOMP:

- Sidan september 2021 har Kviteseid Frivilligsentral distribuert ut 11 KOMP til eldre folk i kommunen, og me har til saman fått 50 000kr for jobben. Det er Vest-Telemarkrådet som har søkt og fått midlar til å handle inn teknologi som skal førebyggje einsemnd blant eldre. Ein KOMP er kort fortald ein svært enkel datamaskin som familiemedlem kan sende inn bilete og videoer til. Bileta vil rulle og gå som ei ljosbileteframsyning. Ein kan også ha videosamtale.



Bilete 1Florence Salisbury/*No isolation*

Kviteseid Frivilligsentral på Næringshagen:

- Status per 2.mars er at situasjonen er uavklart pga. fleire forhold. Men av dei som har vore på besøk har me fått mykje god respons, og det er ein «snakkis» blant andre frivilligsentralar i området kor fine lokale me har. Det er også fleire lokale organisasjonar som har kome med ynskje om å ha møter der.



Regionale og nasjonale samlingar for frivilligsentralar:

- **Fagkonferansen på Gardermoen i desember:** dagleg leiar deltok på denne nasjonal konferansen for frivilligsentralar, i regi av Norges Frivilligsentraler. Det var veldig inspirerande, og dagleg leiar tok med seg tips og idear om mange spennande prosjekt og arrangement som skjer rundt omkring i landet.
- **Nettverkssamling i Seljord i februar:** Grunna koronasituasjonen vart den regionale konferansen utsatt til september 2022, og det vart heller gjennomført ein mindre samling i Seljord. Her møtte leirarar i frivilligsentralane frå Telemark til inspirasjon og samhald.



Årsrapporten er skriven av dagleg leiar,
Cecilie Austjore-Hosum